

Vedtak om helseverngodkjenning – Haus barnehage

Miljørettet helsevern ved Helsevernenheten er leigd inn av Osterøy kommune til å utføre tilsyn og sakshandsaming etter forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger. Alle barnehagar skal ha ein godkjenning etter § 15 i forskriftena. Forskrifta er heimla i folkehelseloven. Kommuneoverlegen i Osterøy kommune har mynde til å treffe vedtak om godkjenningar av barnehagar.

Haus barnehage søkte om endra helseverngodkjenning etter forskriftena 09.01.2023. Dette brevet skildrar vår vurdering av barnehagen og avgrensingar vi vil sette i godkjenninga.

Kommuneoverlegen i Osterøy kommune fattar følgande vedtak:

Haus barnehage vert helseverngodkjend med følgande føresetnadar:

- Barnehagen vert godkjent med 314,5 m² innandørs leike og oppholdsareal.
- Tal på barn skal vere tilpassa godkjent LOA og være 5,3 m² per barn under 3 år og 4 m² per barn over 3 år.
- Tal på barn skal ikkje overskride kapasitet på stelleplassar og toalett.

Heimel for vedtaket er forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger § 15 og folkehelseloven §10.

Dette vedtaket vart varsle i brev av 13.09.2023. Miljørettet helsevern har ikkje motteke merknader til førehandsvarselet.

Bakgrunn

Haus barnehage vart helseverngodkjent i 2015 med eit leike- og opphaldsareal (LOA) på 314,5 m². I denne godkjenninga står det at talet på barn skal bli tilpassa dei faglege anbefalte arealnormene som er 5,3 m² per barn under 3 år og 4 m² per barn over 3 år.

I 2017/2018 fekk barnehagen eit nytt tilbygg, rom 145, også kalla Glashuset. I tillegg vart bruken av rom 111 endra frå personalegarderobe til grupperom. Glashuset ligg utanfor tidlegare godkjende grupperom, og har redusert dagslys og utsyn i desse grupperomma.

Haus barnehage søkte derfor om endra godkjenning etter forskrifa 09.01.2023. I forbindelse med denne søknaden har barnehagemynda i Osterøy kommune gjort ein ny og korrigerande oppmåling av allereie godkjent LOA (sjå tabell under, gult), samt oppmåling av rom 145 og 111 (sjå tabell under, blått). Haus barnehage søker om godkjenning for 352,4 m² LOA.

	Tidlegare måling m ² (2015)	Ny måling m ² (2023)	Grunngjeving for endring / Kva som er trekt i frå oppmåling
Rom 102 – leik/sov	15,5	15,5	
Rom 108 – gruppe	17,9	14	Feilmåling
Rom 105 – tekjøkken	14,3	12,5	Fastmonterte kjøkkenkap og kjøleskap
Rom 129 – leik/sov	18,4	18,4	
Rom 130 – leik/sov	11,4	11,4	
Rom 137 – Leik	61,2	60	Skiljevegg
Rom 138 – kjøkken	12,3	9	Fastmonterte kjøkkenkap og kjøleskap
Rom 143 – Leik	62	61	Skiljevegg
Rom 144 – leik	17,5	17,5	
Rom 117 – kjøkken	14,8	9,7	Fastmonterte kjøkkenkap, kjøleskap og frys.
Rom 119 – leik	15,3	15,3	
Rom 115 - allrom	15	15	
Rom 116 - leik	28,6	28,6	
Rom 125 - leik/sov	10,3	10,3	
Samanlagt	314,5	298,2	
Rom 145 - glashuset		47,2	Trekt frå fastmontert skap
Rom 111 - personalgard - no brukt som grupperom		7,0	Trekt frå skap
Samanlagt		352,4	

Informasjon om barnehagen

Adresse	Votlavegen 31, 5286 HAUS
Eigar av barnehagen og bygg/eigedom	Osterøy kommune
Avdelingar	To småbarnsavdelingar, ein storbarnsavdeling og ein førskuleavdeling.
Toalett	9
Stelleplass	4
Grovgarderobepllassar	75
Uteområde	2800
Ventilasjon	Balansert ventilasjon

Vurdering

Glashuset

Barnehagen sine lokale skal ha helsemessig tilfredsstillande inneklima, jamfør forskrifa § 6. Helsedirektoratet har utarbeidd ein rettleiar til tolking av forskrifa der det står at temperaturen i barnehagar bør ligge mellom 19-26 °C. Vidare står det at dårlig luftkvalitet i opphaldsrom kan gjere at ein blir trøytt, får hovudverk, dårligare konsentrasjon og læring. Mangefull ventilasjon kan irritera luftvegane og auka smitteoverføring av nokre mikroorganismar som smittar via luft. Karbondioksid bør ikkje overskrida 1000 ppm i opphaldsrom, ifølgje rettleiaren.

Ved synfaring 15.08.2023 var det sol og om lag 14 °C utandørs. Då vurderte vi at temperaturen i Glashuset var over Helsedirektoratet si anbefalte grense for innandørs romtemperatur i barnehagar på 26 0°C. Styrar var av same oppfatning. Styrar opplyste at rommet fort vert for varmt til å bli nytta på solrike dagar sommarstid, og for kaldt til å bli nytta på kalde dagar vinterstid. På tilsynet var vi også av den oppfatning at det var ubehageleg refleksjon i alle glasflatene i rommet, slik at ein vart blenda.

Glashuset har balansert ventilasjon. Ved synfaringa opplevde vi at lufta i rommet var tett og vi er derfor usikre på om ventilasjonen fungerer slik den skal. Miljørettet helsevern har etterspurt, men ikkje motteke dokumentasjon på at luftskifte i rom 145 er tilfredsstillande.

Det er installert støyabsorbenter i rommet, men fordi det er så mange glasflater er det likevel ein del etterklang i rommet. Styrar opplyste at dei difor berre nytter rommet til stille aktivitetar.

Samla vurderer vi at rom 145 ikkje lev opp til krava i forskrifa § 6.

Grupperom innanfor Glashuset

Barnehagen sine lokale skal ha helsemessig tilfredsstillande dagslys og utsyn, med mindre det for delar av lokala av openberre grunnar ikkje er ønskjeleg eller nødvendig, jamfør forskrifa § 7. I Helsedirektoratet sin rettleiar til tolking av forskrifa står det at tilgang på dagslys er av stor betydning for helse og trivsel. Dagslys har blant anna den funksjon at det gjer ein informasjon om kva tid det er på døgnet, ver og årstid samt motverker at ein blir trøytt. Helsedirektoratet syner vidare til byggteknisk forskrift (TEK17), kor det i §§ 13-7 og 13-8 står at det i rom for varig opphold er eit krav om at rommet skal ha tilfredsstillande tilgang på dagslys og utsyn. Rettleiaren til byggteknisk forskrift (VTEK) gir rettleiing på kva som reknast som «tilfredsstillande».

Som følgje av oppsetting av Glashuset har tidlegare godkjente rom, rom 115 og 116, ikkje lenger direkte utsyn eller dagslys. Det er heller ikkje lengre mogleg å få frisk luft inn i romma.

Vi har bedt om dagslysberekningar av rom 115 og 116, og har motteke ein enkel luxmåling for kvart rom. Vi vurderer at luxmålingar ikkje kan stadfeste at romma har tilfredsstillande dagslys, fordi luxmålingar måler lysstyrke og ikkje kvaliteten på lyset.

På bakgrunn av dette er vi av den oppfatning at rom 115 og 116 ikkje lenger lev opp til krava i forskrifa § 7. For å sikre at barna som har avdeling i rom 115 og 116 får tilstrekkeleg tilgang på dagslys og utsyn tilrår vi at barnehagen lagar rutine for regelmessig bruk av Glashuset dei dagane inneklimaet er tilfredsstillande i rommet. Dette inneber at det bør bli undersøkt om luftskiftet lev opp til kravet i forskrifa. Temperaturen i rommet bør også bli overvaka, slik at ein unngår å bruke rommet når det er for varmt eller kaldt.

Vurdering av samla leike- og oppholdsareal

Formålet med forskrifta er å bidra til at miljøet i barnehagar fremmer barns helse, trivsel, leik og læring, og dessutan at sjukdom, skade og alvorlege hendingar blir førebygde, jamfør forskrifta § 1. i Helsedirektoratet sin rettleiar står det at det fysiske miljøet i barnehagar må sjåast i samanheng med det psykososiale miljøet, då det er miljøet samla sett som har noko å seia for barns og elevars helse, trivsel, leik og læring.

Ny oppmåling av tidlegare godkjent LOA og rom 111 vert til saman 305,2 m². Dette er ein reduksjon frå tidlegare godkjent LOA som var 314,5 m². Samstundes har barnehagen fått tilgang til eit tilleggsareal på 47,2 m². Styrar har opplyst at rommet ofte blir brukt til leik og læring. Gitt at rommet berre blir brukt når inneklimaet er tilfredsstillande vurderer vi at dette kan bidra til å fremme barns helse og trivsel.

Etter ein heilskapleg vurdering av dei endra forholda i barnehagen vert derfor Haus barnehage helseverngodkjent med eit LOA på 314,5 m². Tal på barn må bli tilpassa godkjent LOA og vera 5,3 m² per barn under 3 år og 4 m² per barn over 3 år. Barnehagen må søke om ny godkjenning ved endringar i drift eller bygningsmasse.

Informasjon og forvaltningsrettar

Innsyn og partsinnsyn

Det er rett til innsyn i alle dokument i saka jf. forvaltningslova §§ 18 og 19.

De har rett til rettleiing

Verksemda kan kontakte oss ved behov for rettleiing i saka, informasjon om gjeldande lover, forskrifter og vanleg praksis, framgangsmåte ved klage eller annan informasjon for å ivareta sine interesser. Vi har rettleiingsplikt etter forvaltningslova § 11.

Informasjon om klagerett

De har rett til å klage på vedtaket i samsvar med forvaltningsloven kapittel VI, Om klage og omgjøring. Klagen skal sendast til Osterøy kommune. Ein eventuell klage skal vera skriftleg og det må bli opplyse om kva det blir klaga på. Fristen for å klage er **tre veker** frå du mottek dette vedtaket.

Kontaktinformasjon til Miljørettet helsevern

Adresse: Etat for helsetjenester, Solheimsgaten 9, 5058 Bergen.

Epostadresse: mhv@bergen.kommune.no

Telefonnummer: 55 56 52 00.

Sakshandsamer: Overingeniør Marion Lambrechts Berge, Miljørettet helsevern, Bergen Kommune

Kontrollert av: Leder Tore-André Gram-Knutsen, Helsevernenheten, Bergen kommune